# Masfjorden kommune

# Innkalling
# av
# Formannskapet

**Møtedato:** 29.09.2015
**Møtestad:** Kommunehuset
**Møtetid:** 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.


| | | |
|---|---|---|
| 095/2015 | Godkjenning av innkalling og sakliste | s. 1 |
| 096/2015 | Godkjenning av møtebok | s. 2 |
| 097/2015 | Kommunereform - møte i styringsgruppa 29.sept ´15 | s. 3 |
| 098/2015 | Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform | s. 32 |
| 099/2015 | Delegerte saker | s. 39 |
| 100/2015 | Referatsak | s. 40 |


25. september 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/747 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 095/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**Saksopplysningar:**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/747 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 096/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |

**Godkjenning av møtebok**

32T

Protokoll - Formannskapet - 02.09.2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

**Saksopplysningar:**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Svein Helge Hofslundsengen | | 15/782 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 097/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |

**Kommunereform - møte i styringsgruppa 29.sept ´15**

32T
EIGEDOMSSKATT G
Kommunereformrap
Intensjonsavtale
Lokalutvalg
Intensjonsavtal
Intensjonsavtal (2)
Oppgåvefordelin

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Saka vert lagt fram for drøfting i styringsgruppa**

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Møte i styringsgruppa for kommunereformarbeidet, for å klargjere mandat forhandlingsutvalet i høve pågåande forhandlinga i 2 alterantiv, samt andre saker og forhold

aktuelle saker for styringsgruppa å ta stilling til er m.a.;

1. status i alternativet GSM inkl. intensjonsavtale
2. tilsvarande status Nordhordlandsalternativet
3. oppsummering gjennomførte folkemøter
4. kommunikasjonsplan for kommunestrukturarbeidet
5. evt. andre saker

**Fakta**

Det er tidfesta nytt møte i GSM alternativet den 30.september og i Nordhordlandsalternativet den 6. november

Masfjorden har valt å utgreie 3 alternativ;

- halde fram som eigen kommune,
- Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
- Masfjorden, Gulen, og (alt. Solund - Høyanger sør – Modalen) forkorta GSM

Tidsramme for arbeidet inneber at kommunane må gjere ei endeleg avgjerd innan mai/juni 2016. Stortingshandsaming av ny kommunestruktur skal etter planen skje innan 1.halvår 2017, og ein legg  legg til grunn at samanslåingane vil setjast i verk seinast frå 1. januar 2020.

**Konklusjon**
saka vert lagt fram for drøfting i styringsgruppa og gir uttale i sakene 1 & 2, og tek orientering pkt. 3 til vitring

1. status i alternativet GSM inkl. intensjonsavtale
2. tilsvarande status Nordhordlandsalternativet
3. oppsummering gjennomførte folkemøter

**EIGEDOMSSKATT**

| **Kommune** | **Verk og bruk** | **Hus og hytter** |
|---|---|---|
| Masfjorden | 7 promille / 24 mill (16) | - |
| Gulen | 7 promille / 8 mill | 3,5 promille / 4 mill |
| Solund | - | 2 promille / 1,5 mill |
| **Samla** | **24 – 30 mill** | **5,5 mill** |
| | | |
| | | |
| **NY KOMMUNE** | **7 promille** | **3 promille** |

KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET

# RAPPORT OM NY KOMMUNE

Rapporten gir oversikt over relevante nøkkeltall og utviklingstrekk både for enkeltkommuner og for en ny, sammenslått kommune. Variablene er valgt ut på bakgrunn av tidligere utredninger av kommunesammenslåinger. Ytterligere informasjon finner du på nettsiden www.kommunereform.no (http://www.kommunereform.no).

# BEFOLKNING OG DEMOGRAFI

## Utvikling i innbyggertall

Historisk befolkningsutvikling fra 1972 til 2015 og framskrivning av befolkningsutviklingen i tre ulike alternativ frem mot 2040. Dataene er hentet fra SSB, mer informasjon om de ulike framskrivningsalternativene finnes på SSBs nettsider (http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram).

For enkelte kommuner finnes det ikke historiske befolkningstall helt tilbake til 1972. Derfor begynner tidsserien for disse kommunene først når data er tilgjengelig.

## Per 1. januar 2014 er samlet befolkning i den nye kommunen 4 839.

| Kommune | 1972 | 1980 | 2000 | 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 5 967 | 5 855 | 5 222 | 4 839 |
| GULEN | 2 835 | 2 729 | 2 489 | 2 335 |
| MASFJORDEN | 1 848 | 1 915 | 1 774 | 1 704 |
| SOLUND | 1 284 | 1 211 | 959 | 800 |

## Fremskrivninger

### 2020

| Kommune | LAVT | MIDDELS | HØYT |
|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 4 759 | 4 863 | 4 968 |
| GULEN | 2 332 | 2 382 | 2 438 |
| MASFJORDEN | 1 676 | 1 710 | 1 750 |
| SOLUND | 751 | 771 | 780 |

### 2040

| Kommune | LAVT | MIDDELS | HØYT |
|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 4 651 | 5 154 | 5 965 |
| GULEN | 2 438 | 2 708 | 3 148 |
| MASFJORDEN | 1 614 | 1 777 | 2 036 |
| SOLUND | 599 | 669 | 781 |

## Aldersgrupper

Framskrevet utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

### 2014

| KOMMUNE | 0 - 5 år | 6 - 15 år | 16 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80 år og eldre |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 269 | 565 | 282 | 2 752 | 617 | 354 |
| GULEN | 129 | 277 | 141 | 1 339 | 295 | 154 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| MASFJORDEN | 112 | 198 | 100 | 944 | 202 | 148 |
| SOLUND | 28 | 90 | 41 | 469 | 120 | 52 |



2020

| KOMMUNE | 0 - 5 år | 6 - 15 år | 16 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80 år og eldre |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 310 | 560 | 250 | 2 704 | 705 | 334 |
| GULEN | 151 | 267 | 131 | 1 353 | 331 | 149 |
| MASFJORDEN | 123 | 218 | 84 | 923 | 238 | 124 |
| SOLUND | 36 | 75 | 35 | 428 | 136 | 61 |

2040

| KOMMUNE | 0 - 5 år | 6 - 15 år | 16 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80 år og eldre |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 313 | 609 | 259 | 2 639 | 789 | 545 |
| GULEN | 159 | 320 | 137 | 1 452 | 394 | 246 |
| MASFJORDEN | 124 | 229 | 98 | 865 | 263 | 198 |
| SOLUND | 30 | 60 | 24 | 322 | 132 | 101 |

## Innbyggere 20-66 år per innbyggere 67 år og over

Denne figuren viser antall innbyggere i arbeidsfør alder (20-66 år) per innbygger på 80 år og over i 2014, 2020 og i 2040. En reduksjon i forholdstallet mellom de to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggere i yrkesaktiv alder for hver innbygger 80 år og over.

Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ

| Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 2,8 | 2,6 | 2,0 |
| GULEN | 3,0 | 2,8 | 2,3 |
| MASFJORDEN | 2,7 | 2,5 | 1,9 |
| SOLUND | 2,7 | 2,2 | 1,4 |

## Innbyggere 20-66 år i forhold til eldre innbyggere

Denne figuren gir mulighet til å se antall personer i arbeidsfør alder i forhold til to ulike grupper av eldre i 2015, 2020 og 2040. Arbeidsfør alder er 20-66 år mens de eldre aldersgruppene er 67 år og over, og 80 år og over. En reduksjon i forholdstallet mellom de to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggere i yrkesaktiv alder per innbygger i den eldre aldersgruppen.

For å bytte mellom de to visningsmulighetene er det en knapp over figuren.

Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

| Kommune | 2015 | 2020 | 2040 |
|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 7,8 | 8,1 | 4,8 |
| GULEN | 8,7 | 9,1 | 5,9 |
| MASFJORDEN | 6,4 | 7,4 | 4,4 |
| SOLUND | 9,0 | 7,0 | 3,2 |

# TJENESTEPRODUKSJON

## Barnehage

| Kommune | Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning | Andel barn 1-5 år med barnehageplass |
|---|---|---|
| GULEN | 66,7 | 95,0 |

| | | |
|---|---|---|
| MASFJORDEN | 81,8 | 87,4 |
| SOLUND | 66,7 | 93,8 |



## Grunnskole

| Kommune | Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1. - 10. årstrinn |
|---|---|
| GULEN | 9,3 |
| MASFJORDEN | 7,9 |
| SOLUND | 9,0 |

## Pleie og omsorg

| Kommune | Andel innbyggere 80 år og eldre som er beboere på institusjon | Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdannning | Antall innbyggere 80 år og eldre som mottar hjemmetjenester |
|---|---|---|---|
| GULEN | 13,1 | 67,0 | 36,6 |
| MASFJORDEN | 17,0 | 81,0 | 33,3 |
| SOLUND | 14,3 | 71,0 | |

# SYSSELSETTING

## Kommunale årsverk per 1000 innbyggere

Denne figuren sier noe om behovet for årsverk i yrkesaktiv alder (20 – 66 år) per 1000 innbygger som må brukes innenfor tre ulike sektorer i 2013, 2020 og 2040. Ved å se på behovet per 1000 innbygger i alderen 20 – 66 år korrigerer man for forandringer som skyldes endringer i størrelsen på befolkningen.

I beregningene er det tatt utgangspunkt i samme dekningsgrad og standard på tjenestene som i 2013. Tjenestedataene er hentet fra KOSTRA 2013 (http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra). Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

## Barnehage

Estimert framtidig tjenstebehov i årsverk per innbygger 20-66 år.

| Kommune | 2013 | 2020 | 2040 |
|---|---:|---:|---:|
| **SAMLET** | 22,0 | 24,8 | 25,8 |
| GULEN | 20,3 | 23,7 | 23,4 |
| MASFJORDEN | 27,5 | 30,3 | 32,4 |
| SOLUND | 16,1 | 16,4 | 18,6 |

## Grunnskole

Estimert framtidig tjenstebehov i årsverk per innbygger 20-66 år.

| Kommune | 2013 | 2020 | 2040 |
|---|---:|---:|---:|
| **SAMLET** | 33,9 | 32,9 | 36,8 |
| GULEN | 33,8 | 30,3 | 33,7 |
| MASFJORDEN | 37,0 | 40,1 | 45,1 |
| SOLUND | 28,2 | 25,7 | 28,0 |

## Pleie og omsorg

Estimert framtidig tjenstebehov i årsverk per innbygger 20-66 år.

| Kommune | 2013 | 2020 | 2040 |
|---|---:|---:|---:|
| **SAMLET** | 81,8 | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| GULEN | 90,1 | 93,1 | 124,0 |
| MASFJORDEN | 77,2 | 78,0 | 113,3 |
| SOLUND | 68,4 | | |

## Privat og offentlig sysselsetting

Figuren viser andel sysselsatte i offentlig og privat sektor i kommunene i 2008, 2010 og 2013. Tall fra SSB.

### 2008

| Kommune | OFFENTLIG | PRIVAT |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 37,00% | 63,00% |
| GULEN | 30,00% | 70,00% |
| MASFJORDEN | 51,00% | 49,00% |
| SOLUND | 36,00% | 64,00% |

### 2010

| Kommune | OFFENTLIG | PRIVAT |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 37,00% | 63,00% |
| GULEN | 29,00% | 71,00% |
| MASFJORDEN | 53,00% | 47,00% |
| SOLUND | 34,00% | 66,00% |

### 2013

| Kommune | OFFENTLIG | PRIVAT |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 36,00% | 64,00% |
| GULEN | 28,00% | 72,00% |
| MASFJORDEN | 53,00% | 47,00% |
| SOLUND | 36,00% | 64,00% |

## Næringssammensetning

Disse tallene viser næringssammensetningen fordelt på primær, sekundær og tertiær næring i kommunene i 2013. Tall fra SSB.

| Kommune | PRIMÆRNÆRING | SEKUNDÆRNÆRING | TÆRTIÆRNÆRING |
|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 12% | 23% | 66% |
| GULEN | 10% | 26% | 64% |
| MASFJORDEN | 8% | 18% | 74% |
| SOLUND | 24% | 18% | 59% |

## Arbeidspendling

Utpendling: Denne tabellen viser i første kolonne fra venstre totalt antall arbeidstakere bosatt i kommunen. Kolonne to fra venstre viser antall arbeidstakere som arbeider i kommunen og er bosatt i kommunen (hvor mange av de fra kolonne 1 som jobber i samme kommune som de er bosatt i). De fem neste kolonnene viser de kommunene hvor flest pendler til, og den siste kolonnen viser summen av antall pendlerne til andre kommuner.

Innpendling: Denne tabellen viser i første kolonne fra venstre totalt antall sysselsatte i kommunen, kolonne 2 viser antall personer som er bosatt og arbeider i kommunen (samme som kolonne 2 i utpendlingstabellen). De neste fem kolonnene viser de kommunene hvor flest pendler fra, og siste kolonne er summen av de som pendler fra andre kommuner. Summen av kolonne 2 til 8 gir totalt antall sysselsatte i kommunen noe som tilsvarer kolonne 1.

Data er hentet fra SSBs pendlingstall for 2013.

## Utpendling

| Kommune | ARBEIDSTAKERE | PENDLER IKKE | 1. | 2. | 3. | 4. | 5. | ANDRE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 2 565 | 1 908 | 157<br>Bergen | 109<br>Lindås | 37<br>Oslo | 25<br>Askvoll | 22<br>Høyanger | 307 |
| GULEN | 1 246 | 894 | 71<br>Bergen | 50<br>Masfjorden | 38<br>Lindås | 18<br>Oslo | 17<br>Høyanger | 158 |
| MASFJORDEN | 885 | 474 | 138<br>Gulen | 73<br>Bergen | 71<br>Lindås | 15<br>Oslo | 12<br>Meland | 102 |
| SOLUND | 434 | 338 | 13<br>Bergen | 13<br>Vågsøy | 10<br>Fjaler | 9<br>Gulen | 8<br>Sogndal | 43 |

## Innpendling

| Kommune | 1. | 2. | 3. | 4. | 5. | ANDRE |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SAMLET** | 135<br>Bergen | 46<br>Lindås | 23<br>Høyanger | 17<br>Oslo | 15<br>Førde | 218 |
| GULEN | 138<br>Masfjorden | 111<br>Bergen | 16<br>Høyanger | 14<br>Oslo | 11<br>Lindås | 196 |
| MASFJORDEN | 50<br>Gulen | 34<br>Lindås | 19<br>Bergen | 6<br>Modalen | 5<br>Høyanger | 23 |
| SOLUND | 5<br>Førde | 5<br>Bergen | 4<br>Gulen | 2<br>Høyanger | 2<br>Askvoll | 15 |

# KOMMUNEØKONOMI

## Driftsresultat og lånegjeld

Netto driftsresultat er hovedindikatoren for den økonomiske balansen i kommuner og fylkeskommuner. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskudd etter at renter og avdrag er betalt, og er et uttrykk for hva kommuner har til disposisjon til avsetninger og investeringer. Ifølge Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat for kommunesektoren under ett og over tid utgjøre om lag 3 pst. av inntektene.

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fratrukket utlån og ubrukte lånemidler, i prosent av brutto driftsinntektene for samme kommune.

Tallene er fra KOSTRA 2013.

| Kommune | NETTO DRIFTSRESULTAT 2013 | NETTO LÅNEGJELD 2013 |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 2,6 % | 36,1 % |
| GULEN | 1,3 % | 30,3 % |
| MASFJORDEN | 4,1 % | 33,9 % |
| SOLUND | 2,6 % | 55,6 % |

## Driftsinntekter

Driftsinntektene er summen av skatteinntekter, rammetilskudd, øremerkede tilskudd til løpende drift og gebyrer/salgs- og leieinntekter. Tallene vises i 1000 kroner.

Tallene er fra KOSTRA 2013.

| Kommune | PER INNBYGGER | SUM FOR KOMMUNEN |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 104 | 499 296 |
| GULEN | 98 | 226 209 |
| MASFJORDEN | 109 | 184 305 |
| SOLUND | 109 | 88 782 |

## Akkumulert underskudd

Akkumulert underskudd vil tilsvare et regnskapsmessig merforbruk. Dette vil si at kommunen har overskredet det vedtatte, balanserte budsjettet. Tallene vises i 1000 kroner.

Tallene er fra KOSTRA 2013.



| Kommune | PER INNBYGGER | SUM FOR KOMMUNEN |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 0 | 0 |
| GULEN | 0 | 0 |
| MASFJORDEN | 0 | 0 |
| SOLUND | 0 | 0 |

# Fondsbeholdning

Kommunenes fondsbeholdning fordeler seg på disposisjonsfond og regnskapsmessig mindreforbruk. Fondene er kommunenes økonomiske reserver. Tallene vises i 1000 kroner.

Tallene er fra KOSTRA 2013.

| Kommune | PER INNBYGGER | SUM FOR KOMMUNEN |
|---|---|---|
| **SAMLET** | 17 | 81 799 |
| GULEN | 16 | 36 160 |
| MASFJORDEN | 26 | 43 480 |
| SOLUND | 3 | 2 159 |

# Arbeidsgiveravgiftssone

Arbeidsgiveravgiften varierer etter hvor i landet virksomheten holder til. Disse kommunene er i samme sone for differensiert arbeidsgiveravgift per 2014.

# Distriktsindeks

Disse kommunene befinner seg i ulikt intervall i distriktsindeksen.

Distriktsindeksen er for 2013.

# Eiendomsskatt

Disse kommunene har ulik praksis ved eiendomsskatt.

Basert på siste tilgjengelige offentlig statistikk (2014)

# Økonomisk støtte

# Engangsstøtte

Med en omfattende kommunereform vil departementet gjøre dekningen av engangskostnader ved en sammenslåing mer forutsigbar for kommunene, og unngå mange og tidkrevende søknadsprosesser. Departementet legger opp til at alle kommuner som slår seg sammen i reformperioden får dekket engangskostnader ved sammenslåingen etter en standardisert modell.

Tallene er hentet fra kommuneproposisjonen 2015.

kr 30 000 000

# Reformstøtte

Kommuner som fatter nasjonale vedtak om sammenslåing i reformperioden vil kunne få reformstøtte fra staten. Utbetalingen blir gitt uten ytterligere søknad fra kommunene, og utbetales på tidspunktet for sammenslåingen. Reformstøtten vil bli tildelt etter en standardisert modell.

kr 5 000 000

# Inndelingstilskudd

Inndelingstilskuddet sikrer at kommuner som slår seg sammen til en ny kommune i reformperioden beholder tilskudd som om den fortsatt er to (eller flere) kommuner i 15 år etter sammenslåingen. Deretter trappes inndelingstilskuddet ned over 5 år.

LENKE TIL KS' BEREGNINGSMODELL (http://www.ks.no/link/5fd2c7539b1b4ca486ae0883b281333c.aspx?id=11575)

UTKAST - arbeidsdokument

# Intensjonsavtale – kommunesamanslåing mellom Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen, Radøy og Solund

## Innleiing

Dette er eit notat som oppdaterast fortløpande med omsyn til kva forhandlingsutvalet til kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen, Radøy og Solund har vorte einige om i høve til kommunesamanslåing.

## Bakgrunn og kvifor ein ny kommune

Nordhordland er i stor grad ein felles bustad- og arbeidsregion. Betre kommunikasjonar har gjort at avstandane innan regionen og til Bergen har vorte betydeleg redusert. Dette har gitt grunnlag for vekst i folketalet og næringslivet i regionen. Veksten har vore spesielt stor etter at Nordhordlandsbrua kom. For å få til vekst i heile regionen framover må det betre vegar og infrastruktur til. Nordhordlandspakken vil vere med å bidra, men der må også bli betre kommunikasjon frå ytre delar av Gulen og Masfjorden mot Knarvik. Det vil gi grunnlag for vekst i heile regionen. Vekst og utvikling av nye arbeidsplassar i regionsenteret vil også vere viktig for auka folketal i resten av Nordhordland. Ved å få ein kommune i Nordhordland får vi eit naturleg areal- og samfunnsutviklingsområde som vil legge til rette for vekst og ein god samhandling med andre aktørar som fylke, Bergen og næringslivet.

Kommunane i Nordhordland samarbeider i dag på mange område. Kravet til meir spesialiserte tenester vil auke. Vi får ein eldre befolkning som vil krevje auka tenester. Andelen av befolkninga som er i yrkesaktiv alder vil synke. Det gjer at konkurransen som arbeidskrafta vil auke. Vi må vere ein attraktiv region der ungdom med god kompetanse vil flytte tilbake. Vi ønskjer ein stor kommune som kan vere offensiv i å ta på seg nye oppgåver som vil gi eit heilskapleg tenestetilbod til våre innbyggarar. Vi vil ivareta og vidareutvikle tenestene for våre innbyggarar.

Levande lokaldemokrati er eit av formåla med kommunereformen. Det er noko vi må ta på alvor sjølv om ein i ein større kommune kan føle på større avstand til beslutningstakarane.

## 1 Mål

Vi er samde om å at hovudmålsettinga med samanslåinga er å:

- Sikre gode og likeverdige tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Etablere ein livskraftig og attraktiv kommune i Nordhordland
- Arbeide for vekst og utvikling i heile regionen og vere ei drivkraft i den regionale utviklinga
- Sterk politisk deltaking og eit aktivt lokaldemokrati
- ??

**Delmål:**

- Vidareføre det beste frå dei eksisterande kommunane – legge vekt på «Best practise»
- Ha ein berekraftig økonomi som sikrar at ein kan levere stabile og gode tenester
- Ha ein kompetent og effektiv tenesteproduksjon med attraktive og utviklande arbeidsplassar for dei tilsette.
- Vere aktiv i rolla som samfunnsutviklar og legge til rette for verdiskaping og vekst i heile kommunen
- Sikre gode samferdselsløysingar i heile kommunen
- Sikre eit omforent skatte- og avgiftsnivå i den nye kommunen
- Utvikle gode nærmiljø og oppvekstvilkår i heile kommunen og ivareta balansert utvikling i alle delar av kommunen.
- Vere proaktiv med omsyn til å gjere seg nytte av ny teknologi
- Ha eit aktivt lokaldemokrati som sikrar at alle geografiske område og grupper vert høyrt og kan kome med sine innspel

UTKAST

## 2 Nam og kommunesenter

Det naturlege namnet for den nye kommunen vil vere Nordhordland. Det vil vere eit naturleg namn for det geografiske område som kommunen vil dekke. Nordhordland er også godt innarbeida og vil syte for at omverda veit kor kommunen er lokalisert.

Vi er samde om at kommunesenteret vert lagt til Knarvik.

Kommunesenteret bør innehalde kontor for ordførar, rådmann og det administrative strategiske avgjerdsnivået.

Arbeidet med å utforme eit kommunevåpen vert satt i gong når søknaden om etablering av ny kommune er sendt.

## 3 Kultur og språk

Den nye kommunen skal bygge vidare på den felles kulturen som er i Nordhordland. Den nye kommunen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk.

## 4 Regional utvikling

Den nye kommunen skal vere aktiv  for å utvikle heile kommunen i positiv retning med omsyn til vekst i folketal og næringsutvikling. Kommunikasjonen må betrast i den nye kommunen slik at endå større del vert ein felles bustad- og arbeidsregion.

## 5 Prinsipp for tenestene og tenesteutvikling

Tenestene skal vere på det nivået som er i dag og innbyggarane skal kunne få likeverdige tenester.

Basistenestene skal i hovudsak ytast der folk bur. Dette gjeld for dei tenestene som innbyggjarane er avhengige av i det daglege som til dømes barnehage, skule og heimeteneste. Dette er volumtenestene til kommunane.

For dei tenestene som innbyggjarane nyttar meir skjeldent kan tenestene samlast meir for å kunne få eit volum som gjer at dei vert rasjonelle og at ein oppnår eit stort nok fagmiljø. Dette for å kunne ta ut dei stordriftsfordelane som vil vere i ein større kommune.

Tenestene vert delt inn i tre kategoriar:

1. Tenester som innbyggarane er avhengig av i det daglege – barnehage, skule og heimeteneste – dei skal ytast lokalt slik som i dag.
2. Tenester som innbyggarane – i periodar eller ganske ofte nyttar – helsestasjon, lege, sosialkontor/NAV, pleie og omsorg institusjon, bibliotek – dei skal ytast lokalt slik som i dag –
3. Tenester som innbyggarane ikkje nyttar så regelmessig – her vil det vere lite volum. Samle tenestene for å få fagmiljø og kvalitet og rasjonalitet på tenestene. Det vil vere tenester som byggesak, barnevern og PPT. Det vil også sikre at ein får tilstrekkeleg integritet og uavhengighet i sakshandsaminga.

Innbyggjarane skal ha likeverdige tenester uavhengig av kor ein bur i kommunen. Det skal sikrast at habilitet og rettstryggleik  vert ivareteke. Kommunen skal ha myndiggjorte medarbeidarar og leiarar som har heilskapleg og tverrfagleg tilnærming til innbyggarane sine behov, slik at vi sikrar at tenestene kan bli gitt på ein rasjonell og god måte.

UTKAST

Kommunen skal vere innovativ til å ta i bruk ny teknologi slik at kommunen sine tenester vert ytt med ein god kvalitet og at ressursane vert nytta på ein god måte. Innbyggarane skal oppfatte kommunen som tilgjengeleg og at tenestene vert ytt på ein moderne og effektiv måte.

Samarbeidsavtalar om interkommunale tenester vert gått gjennom med sikte på at kommunen sjølv produserer tenestene der det er rasjonelt.

## 6 Nærsenter

Nærsentra skal vere med å gi attraktive, levande og gode tettstadar der innbyggarane får dekka ein del av sine behov for tenester. Dei skal bygge opp om den lokale eigenarten og redusere transportbehovet.

I den nye kommunen skal det være kommunale nærsenter som skal gi innbyggarane dei tenestene som er i kategori 2. I tillegg skal nærsenteret også vere eit servicekontor der innbyggarane kan henvende seg. Nærsenteret skal også fungere som eit samlingspunkt som bidreg til levande lokalsamfunn.

## 7 Skatt og avgifter

(Alternativ 1)
Eigedomsskatt for hus og hytter skal harmoniserast i heile kommunen slik at dei totale inntektene vert undra. ??

(Alternativ 2)
Eigedomsskatt for hus og hytter skal avviklast i den nye kommunen. Det skal skje gradvist slik at ???

Avgiftene for dei kommunale tenestene skal harmoniserast. Avgiftene innafor vatn og avløp skal bygge på sjølvkostprinsippet.

## 8 Vidaregåande skular

Vidaregåande skular er eit ansvar for fylkeskommunen. Den nye kommunen vil ha to vidaregåande skular. For utviklinga av den nye kommunen er det svært viktig at det vert satsa på begge desse skulane. Det vil vere med å sikre ei balansert utvikling i den nye kommunen.

UTKAST

# 9 Fellesnemnda

Fellesnemnda oppnemnast i medhald av inndelingslova § 26.

Inndelingslova av 2001 gir rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast. Det opprettast ei fellesnemnd som har det overordna ansvaret for planlegging og gjennomføring. Det operative arbeidet skal gjennomførast av ein prosjektorganisasjon og beskrivast i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen.

Fellesnemnda skal bestå av (minimum 3 frå kvar kommune - § 26 inndelingslova) ??? frå kvar kommune??

Fellesnemnda skal ha følgjande mandat:

- ???
- ???

# 10 Politisk organisering

Kommunen vel formannskapsmodellen.

Kommunestyret – kor mange ?? 45 stk??

Formannskapet – kor mange?? 13 stk ??

Politisk modell
Føl prinsippet om gjennomgåande representasjon. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitte i minimum eit anna politisk organ.
Følgjande hovudutval vert oppretta:??

- Oppvekst og kultur
- Helse og omsorg
- Samfunnsutvikling
- Teknisk og landbruk
- Administrasjon

I dei tidlegare kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund skal det opprettast eit lokalutval. *(Sjå eige notat)*

UTKAST

## 11 Prinsipp for organisering av den nye kommunen

Det må lagast ein enkel og kostnadseffektiv administrativ struktur som sikrar at målsettingane med den nye kommunen vert nådd.

## 12 Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen.

Det betyr at: (dette må vi ta opp i Skjerjehamn)

- *Alle tilsette sine noverande rettar vert akseptert i den nye kommunen i samsvar med lov- og avtaleverk*
- *Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik som ein har i noverande kommune.*
- *Leiarar (over tenestestadleiar) skal søkje på nye leiarjobbar*

*Det partssamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26 ) skal lage eit omstillingsdokument*

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement m.m)*
- *Utarbeider ein felles lønnspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserar lønnsskilnadar over tid*
- *Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar ??*

## 13 Investeringsprosjekt

Vedtekne investeringsprosjekt vert vidareført i den nye kommunen. Ingen kommunar skal setje i verk investeringsprosjekt som ikkje er naudsynte for den kommunale drifta. Alle investeringsprosjekt skal vere økonomisk forsvarlege og ha ein sikker finansiering.

UTKAST

# Lokalutval

**Demokrati – utfordring – distrikt**

## Utfordring

Når vi jobba med fordelar og ulemper med samanslåing til ein stor kommune så var det peika på dette med svekka lokaldemokrati. Det var spesielt i dei minste kommunane ein frykta at lokaldemokratiet vil bli svekka. Det skuldast i hovudsak to faktorar:

- Større geografisk avstand til kommunesenteret
- Lågare politisk representasjon

Den geografiske avstanden til dei politiske beslutningstakarane vil bli større. Lågare politiske representasjonen vil vere reell. Sjølv om kommunestyret kan vere relativt stort så vil representasjonen frå dei minste kommunane bli låg, samanlikna med det som ein har i dg. Det vil heller ikkje vere mogeleg å dele kommunen inn i valkrinsar for å ha ein førehandsdefinert geografisk representasjon. Slik at dette må handterast ved at dei politiske partia sjølv prioriterer geografisk representasjon på sine vallister. Det vil nok vere i partia sin interesse å ha ein brei geografisk representasjon.

## Nærdemokratiordning

Eit mogeleg tiltak for å svare på problemstillinga om svekka lokaldemokrati kan vere oppretting av såkalla nærdemokratiordningar. Her kan det tenkast ulike former frå frivillige organisasjonar, foreiningsbaserte lokalutval eller kommunedelutval med beslutningskompetanse og eller/tenesteansvar.

I kommune Noreg finnes det etter det vi kan sjå alle variantar. I Skien kommune er det lokalutval som er valt av bystyret med formål om å skape lokalt engasjement og vere eit høyringsorgan. Andre stadar er det bygda sjølv som vel seg eit lokalutval. I Øvre Eiker kommune er det grendeutval.

Vi ser det slik at formålet med lokalutvala skal vere å jobbe for lokalt engasjement for nærmiljøet og vere eit høyringsorgan for kommunen i visse saker. Ut i frå eit slikt perspektiv vil vi sjå det som mest naturleg og tenleg at lokalutvalet vert valt direkte av bygda sjølv. Det vil kunne vere med å sikre eit breitt engasjement uavhengig av politisk ståstad. Vi vil difor tilrå at lokalutvala vert valt direkte frå innbyggarane sjølv. Det gjer at ein legg til rette for eit bredt engasjement.

For å «smøre» lokalutvala ser vi for oss at kommunen sin administrasjon syter for sekretariatsbistand til lokalutvala. Det vil gjere det lettare for lokalutvala og fungere og det vil avlaste leiar for ein del administrative funksjonar. Samstundes vil også kommunen sin administrasjon halde seg orientert om kva som skjer og kva lokalmiljøa er opptekne av.

Gode og aktive lokalutval vil bli høyrt i dei politiske og administrative prosessane. Lokalutvala kan også vere viktige bidragsytarar til å vere med å løyse ut og organisere frivillig arbeid. Dette vil vere viktig for å utvikle gode lokalsamfunn.

**Geografiske område**
Lokalutvala vil vere spesielt viktig i dei minste kommunane som ligg lengst vekk frå Knarvik. I første omgang ser vi for oss at det vil vere naturleg å følgje dei gamle kommunegrensene. Vi vil tilrå at det vert oppretta lokalutval i følgjande område:

- Fedje
- Gulen
- Masfjorden
- Modalen
- Solund

**Formålet med lokalutvala**
Lokalutvalet skal bidra til lokalt engasjement for nærmiljøet, vere ein kanal for dialog mellom innbyggarane i området og kommunen, samt eit høyringsorgan for politiske saker som vedkjem innbyggarane i området.

Lokalutvalet skal høyrast i plansaker før dei vert vedteke. Dersom det er planar om å gjere strukturelle endringar i tenestetilbodet skal lokalutvalet høyrast før dei vert vedteke. Lokalutvalet står også fritt til å kome med uttale og innspel i andre politiske saker. Lokalutvala vert på denne måten ein del av saksgongen i kommunen i desse sakene. Lokalutvala må tre saman og gje uttale innan X veker frå saksdokumenta er tilsendt. Kommunen skal så langt råd er informere om komande saker og ta omsyn til møteplanar som er lagde og som kommunen er vorte informert om.

Det er ingen avgrensing i kva saker lokalutvalet kan engasjere seg i så sant dei er til nytte og gavn for lokalmiljøet.

**Organisering**
Lokalutvalet vert direkte valt på eit folkemøte der alle som bur innafor det geografiske område har stemmerett.

Kommunen bidreg med sekretariat. Det vil også vere med å sikre at lokalutvalet har eit fast kontaktpunkt mot kommunen som ein kan bruke. Kommunen vil også på si side sikre at ein held seg oppdatert på kva lokalutvalet er opptatt av.

# Intensjonsavtale – kommunesamanslåing mellom Masfjorden, Gulen, og Solund kommunar.

Vedteke i Masfjorden (xx.xx.2015), Gulen (xx.xx.2015) og Solund (xx.xx.2015) kommunestyrer.

## Innleiing

Gulen, Solund og Masfjorden kommunar (GSM) med evt. fleire nabokommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje. Det vert gjennomført folkehøyring i kommunane i tråd med intensjonane i Inndelingslova, den einskilde kommunen avgjer om dette skal gjennomførast som folkeavrøysting eller på anna vis.

Formatert: Skriftfarge: Rød

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati.

## 1. Mål for samanslåinga

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

Skape ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune

Delmåla er å:

Skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
Sikre kommunale tenester med høg kvalitet der folk bur
Ivareta folkevald styring, brei deltaking og involvering
Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon

Formatert: Skriftfarge: Rød

## 2. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnarskap og samhandling
- Medverke til at innbyggarane får god kvardagsorganisering
- Legge til rette for auka tilgjenge på digitale tenester
- Organisere fyrstelinetenester slik at innbyggarane får tenester (som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod) i regionen der dei bur
    - Struktur på tenestene skal ligge fast dei 5 første åra (naturleg krinsregulering kan skje)
    - Ved strukturendring skal så langt det let seg gjere ivareta grunnleggande kriterier / normtal for t.d. anbefalt reisetid

## 3. Nye oppgåver

Vi skal rigge tenestetilbodet i den nye kommunen slik at vi organiserer oss på eit effektivt og fagleg forsvarleg nivå. Det inneber at kommunen i det einskilde høve gjer ei vurdering av om ein etablerer / organiserer eigen teneste eller om ein legg opp til å kjøpe tenester organisert av ein større nabokommune.

## 4. Kommunesenter

Vi er samde om at det nye kommunesenteret vert lagt til x.

Vi er samde om at kommunesenteret minst skal innehalde:

Ordførar
Rådmann
Kommunalsjefar
Økonomisjef og personalsjef
Plan og utviklingsavdeling

Vi legg til grunn at dette på sikt vil tene alle deler av den nye kommunen.

## 5. Kommunenamn og kommunevåpen

Den nye kommunen får namnet xx. Innbyggarane har gjennom namnekonkurranse vore delaktig i val av det nye namnet . Den nye kommunen har nytt kommunevåpen xx, utforma med utgangspunkt i kommunevåpna kommunane har i dag.

## 6. Prinsipp for styring og organisering

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform

*Tal folkevalde*
Kommune/bystyret skal ha ~~xx~~ 25 medlemmar

*Administrativt og fagleg*
Vi er samde om å :

Etablere éin administrasjon med desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt.

Dei eksisterande kommunale oppgåvene vert inndelte i tre kategoriar (jf. vedlagt skisse):

- Oppgåver og tenester som skal løysast/gjevast der dei no er lokaliserte
- Klare rådhusoppgåver i den nye kommunen

- Oppgåver som kan ligge utanfor rådhuset

~~Den geografiske plasseringa av oppgåver som kan ligge utanfor rådhuset, vert avgjort av Fellesnemnda (FN, jf. Inndelingslova § 26) i den nye kommunen.~~

Forhandlingsutvala kjem attende til dette når skisse frå rådmennene føreligg.

## 7. Interkommunale selskap og samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå igjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsdeling m.m og / eller avvikle / melde oss ut av samarbeidet.

## 8. Økonomi

Vi skal orientere kvarandre om investeringar og økonomiplanar slik dei ligg i vedteken økonomiplan.

**Harmonisering av eigedomsskatt.**

### Gjeld og formue

### Større investeringar

I åra fram til ei samanslåing skal vi orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om aktuelle investeringsprosjekt som kommunane arbeider med. Dette gjeld prosjekt med ei kostnadsramme over kr. 1 mill., og før prosjekta ev. er vedtatt av kommunestyret. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016.

## 9. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.01.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

## 10. Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Det betyr at vi vil arbeide for at:

- *Alle tilsette sine noverande rettar vert akseptert i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk*

- *Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passande arbeid i rimeleg avstand*
- *Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK*

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsregelment, permisjonsreglement, m.m.)*
- *Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserer lønsskilnader over tid.*
- *Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til overtallige.*
- *Legge ein plan for systematisere kompetanseoppbygging*

# 11. ~~Infrastruktur~~Transport og kommunikasjon

Den nye kommunen skal utvikle effektiv infrastruktur internt i kommunen og ut mot dei større regionsentra. Det inneber at kommunen dei første åra som ny kommune skal ha fokus på fylgjande infrastrukturprosjekt:

t.d (fastsettast av forhandlingsutvalet)

- ~~Bru over Masfjorden~~Masfjordsambandet (fv.570 og Duesund – Masfjordnes)
- Betre vegstandard Fv 57 (flaskehals / gule stripe)
- Bru over Ytre Steinsund og ~~Auka~~ auka kapasitet/fart på ferje til Solund
- Rutegåande transport på land og sjø må samordnast innad i den nye kommunen

# 12. Fylkestilhøyrsle

Det er ynskjeleg at det vert etablert ein Vestlandsregion, og at fylkesgrensene vert viska ut. Dersom dette ikkje skjer så er ein er samd om at den nye kommunen skal høyre til Hordaland fylke. Det er viktig at den nye kommune arbeider for at innbyggjarane får dra nytte av tenester som vidaregåande skule også i Sogn og Fjordane fylke.

# ~~12.~~13. Informasjon / vegen til ein ny kommune

Kjøp av konsulenttenester

Informasjonsstrategi

Aktiv bruk kommunane sine heimesider

Etter okt. utvikle felles facebook side.

Innbyggarinvolvering

Formatert: Overskrift 1

# Intensjonsavtale – kommunesamanslåing mellom Masfjorden, Gulen, og Solund kommunar.

Vedteke i Masfjorden (xx.xx.2015), Gulen (xx.xx.2015) og Solund (xx.xx.2015) kommunestyrer.

## Innleiing

Gulen, Solund og Masfjorden kommunar (GSM) med evt. fleire nabokommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje. Det vert gjennomført folkehøyring i kommunane i tråd med intensjonane i Inndelingslova, den einskilde kommunen avgjer om dette skal gjennomførast som folkeavrøysting eller på anna vis.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati.

## 1. Mål for samanslåinga

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Skape ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune

Delmåla er å:

- Skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Sikre likeverdige kommunale tenester med høg kvalitet der folk bur
- Ivareta folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon

## 2. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnarskap og samhandling
- Medverke til at innbyggarane får god kvardagsorganisering
- Legge til rette for auka tilgjenge på digitale tenester
- Organisere fyrstelinetenester slik at innbyggarane får tenester (som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod) i regionen der dei bur
    - Struktur på tenestene skal ligge fast dei 5 første åra (naturleg krinsregulering kan skje)
    - Ved strukturendring skal så langt det let seg gjere ivareta grunnleggande kriterier / normtal for t.d. anbefalt reisetid

Stildefinisjon: Punktmerket liste: Punktmerket + Nivå: 1 + Justert ved: 0,63 cm + Innrykk ved: 1,27 cm

Formatert: Skrift: Fet

- Skulestrukturen bør vere slik at reisetid til skule ikkje er meir enn 1 time kvar veg.

## 3. Nye oppgåver

Vi skal rigge tenestetilbodet i den nye kommunen slik at vi organiserer oss på eit effektivt og fagleg forsvarleg nivå. Det inneber at kommunen i det einskilde høve gjer ei vurdering av om ein etablerer / organiserer eigen teneste eller om ein legg opp til å kjøpe tenester organisert av ein større nabokommune.

## 4. Kommunesenter

Vi er samde om at vi skal oppretthalde dei sentera som er i dei tidlegare kommunane og utvikle desse med kommunale tenester og arbeidsplassar. Dette er gjennomarbeidd i vedlegg 1. Ddet nye kommunesenteret rådhuset vert skal seinast innan 2025 vere klart og er lagt til Hostelandx. Dersom det vert naudsynt med ei anna organisering i ein overgangsfase vert det tatt utgangspunkt i ei administrativ organisering innanfor dei tre rådhusa som er i dagens kommunar. (med Eivindvik?)

Vi er samde om at kommunesenteret minst skal innehalde det nye rådhuset skal som minimum ha dei funksjonar som går fram av vedlegg 1.:

- Ordførar
- Rådmann
- Kommunalsjefar
- Økonomisjef og personalsjef
- Plan og utviklingsavdeling

Formatert: Innrykk: Venstre: 1,27 cm

Vi legg til grunn at dette på sikt vil tene alle deler av den nye kommunen.

## 5. Kommunenamn og kommunevåpen

Den nye kommunen får namnet xxGulating. Innbyggarane har gjennom namnekonkurranse vore delaktig i val av det nye namnet . Den nye kommunen har får nytt kommunevåpen xx, utforma med utgangspunkt i kommunevåpna kommunane har i dag.

## 6. Prinsipp for styring og organisering

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform

*Tal folkevalde*

Kommunestyret skal ha 25 29 medlemmar

Formannskapet skal ha 7 medlemmar.

Den nye kommunen skal organiserast med 3 hovudutval og gjennomgåande representasjon.

*Administrativt og fagleg*
Vi er samde om å :

- Etablere éin administrasjon med desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt.

Formatert: Innrykk: Venstre: 0,63 cm, Hengende: 0,63 cm

Dei eksisterande kommunale oppgåvene vert inndelte i tre fire kategoriar (jf. vedlagt skissevedlegg 1):

- Oppgåver og tenester som skal løysast/gjevast der dei no er lokaliserte
- Klare rådhusoppgåver i den nye kommunen
- Oppgåver som kan lokaliserast utanfor rådhuset/kommunesenteret, men som skal ytast lokalt
- Oppgåver som kan ligge utanfor rådhuset/kommunesenteret

~~Den geografiske plasseringa av oppgåver som kan ligge utanfor rådhuset, vert avgjort av Fellesnemnda (FN, jf. Inndelingslova § 26) i den nye kommunen.~~

Forhandlingsutvala kjem attende til dette når skisse frå rådmennene føreligg.

# 7. Interkommunale selskap og samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda (FN, jf. inndelingslova §26) skal gå igjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsdeling m.m og / eller avvikle / melde oss ut av samarbeidet.

# 8. Økonomi

Vi skal orientere kvarandre om investeringar og økonomiplanar slik dei ligg i vedteken økonomiplan.

**Harmonisering av eigedomsskatt.**

Formatert: Skrift: Ikke Fet

Reglane for eigedomsskatt i den nye kommunen skal harmoniserast. Ein er samd om at eigedomsskatten skal vere 7 promille på verk og bruk og 2 promille på hus og hytter. Det er ei målsetjing at 10% av eigedomsskatteinntektene skal setjast av til eit investeringsfond/næringsfond.

Formatert: Skrift: 11 pkt, Ikke Fet

Formatert: Skrift: 11 pkt, Ikke Fet

Formatert: Skrift: 11 pkt, Ikke Fet

**Gjeld og formue**

**Større investeringar**
I åra fram til ei samanslåing skal vi orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om aktuelle investeringsprosjekt som kommunane arbeider med. Dette gjeld prosjekt med ei kostnadsramme

over kr. 1 mill., og før prosjekta ev. er vedtatt av kommunestyret. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016.

## 9. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.01.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

## 10. Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Det betyr at vi vil arbeide for at:

- *Alle tilsette sine noverande rettar vert akseptert i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk*
- *Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passande arbeid i rimeleg avstand*
- *Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK*

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- *Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsregelment, permisjonsreglement, m.m.)*
- *Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette*
- *Harmoniserer lønsskilnader over tid.*
- *Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til overtallige.*
- *Legge ein plan for systematisere kompetanseoppbygging*

## 11. Transport og kommunikasjon

- Den nye kommunen skal utvikle effektiv infrastruktur internt i kommunen og ut mot dei større regionsentra. Det inneber at kommunen dei første åra som ny kommune skal ha fokus på fylgjande infrastrukturprosjekt:
- t.d (fastsettast av forhandlingsutvalet)
  - Masfjordsambandet (fv.570 og Duesund – Masfjordnes)
  - Betre vegstandard Fv 57 (flaskehals / gule stripe)
  - Bru over Ytre Steinsund og auka kapasitet/fart på ferje til Solund

- Rutegåande transport på land og sjø må samordnast innad i den nye kommunen

## 12. Fylkestilhøyrsle

Det er ynskjeleg at det vert etablert ein Vestlandsregion, og at fylkesgrensene vert viska ut. Dersom dette ikkje skjer så er ein er samd om at den nye kommunen skal høyre til Hordaland fylke. Det er viktig at den nye kommune arbeider for at innbyggjarane får dra nytte av tenester som vidaregåande skule også i Sogn og Fjordane fylke.

## 13. Informasjon / vegen til ein ny kommune

Kjøp av konsulenttenester

Informasjonsstrategi

Aktiv bruk kommunane sine heimesider

Etter okt. utvikle felles facebook side.

Innbyggarinvolvering

## Lokalisering av tenester og arbeidsoppgåver i ein ny «GSM-kommune»

Opplistinga nedanfor er ei oversikt over korleis prosjektgruppa i GSM (rådmennene) ser føre seg at arbeidsoppgåver i prinsippet kan fordelast, dvs dette er den ramma prosjektgruppa tilrår at det vert forhandla innanfor i arbeidet med intensjonsavtalen for ein evt. «GSM-kommune».

Prosjektgruppa vil i tillegg understreke at arbeidsfordelinga i ein ny kommune også må vere kostnadseffektiv og ta omsyn til dei tilsette sine arbeidsvilkår.

| Oppgåver som skal ligge fast der dei er plasserte i dag | Oppgåver som i hovudsak skal løysast på rådhuset | Oppgåver som kan lokaliserast utanfor rådhuset/kommune senteret, men som skal ytast lokalt | Oppgåver som kan lokaliserast utanfor rådhuset/kommunesenter et |
|---|---|---|---|
| Eksempel | Eksempel | Eksempel | Eksempel |
| | Ordførar | | |
| | Rådmann | | |
| | Økonomisjef | | Økonomitenester |
| | Personalsjef | | |
| | Arkiv | Barnevern | |
| | Informasjonsteneste | | Sentralbordteneste |
| | | PPT | |
| | | NAV-kontor | |
| Skular | Oppvekstsjef | | |
| Barnehagar | | | |
| | Plan- og utviklingssjef | | Byggsak,<br>Oppmåling<br>Planavdeling<br>Næringsutvikling<br>Landbruk |
| Teknisk drift | | Brann og beredskapsadm.<br>Beredskapstenesta | |
| Reinhald | | | |
| | | | Bygg- og eigedom |
| | | Helsestasjon<br>Folkehelse<br>Tannhelse | |
| | | Lege | Kommuneoverlege |
| | | Fysio-/Ergoterapi | Tilsynslege sjukeheim |
| | Helse- og omsorgssjef | | |
| Sjukeheim | | | |
| Omsorgsbustader | | | |
| Heimetenester | | | |
| | | | Spesialiserte helsetenester |
| | | Bu- og | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | miljøtenester | |
| | | Demensomsorg (dag og døgntilbod) | Kjøkentenester |
| | | | Vaskeritenester |
| Flyktningkonsulent | | | |
| | | | |
| | | Kulturskuletenester | Kulturskuleadm. |
| | Kultur-administrasjon?<br>- Organisering må avklarast i framtidig kommune. | Frivilligsentral | |
| Bibliotek | | | |
| Servicekontor | | | |
| | | | |
| | | | |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Svein Helge Hofslundsengen | | 15/781 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 098/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |

**Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform**

32T

Kommunikasjonspl

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**

Som eit ledd i arbeidet med kommunereformprosessen har forhandlingsutvalet i alternativet Nordhordland utarbeidd ein kommunikasjonsplan. Forhandslingsutvalet legg vekt på at prosessen skal vera open og at den skal leggja til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Kommunane skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon, og tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene. I tiltaksdelen er der skilt mellom kva som skjer regionalt og i den enkelte kommune. Kvar enkelt kommune har ansvar for å halda sine innbyggarar og tilsette orientert om prosjektet. Forhandlingsutvalet understrekar at det er viktig at kvar kommune har eit aktivt eigarskap til kommunikasjonsplanen og oppfølging av planen. Utvalet ber den enkelte kommune gå gjennom den oppsette tiltakslista og sjå på kva som er naturleg å gjennomføra, og eventuelt koma med andre forslag. Det skal leggast til rette for innbyggarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktivt delast og det skal leggast til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggarane kan fremja sine synspunkt.

**Fakta**

sjå vedlegg og framlegg til kommunikasjonsplan.

**Konklusjon**

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen

har ein aktiv informasjon til innbyggarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

**Regionrådet**
Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy

# Kommunikasjonsplan

# Nordhordland ein kommune – 2020?



Foto: NUI / Eivind Senneset

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

# 1. Bakgrunn og innleiing

Kommunereforma har som mål å legga til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Færre og større kommunar skal gi betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagte oppgåver, gje betre moglegheiter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgåver. Generalistkommuneprinsippet er eit utgangspunkt for reform, og kommunestrukturen skal legga til rette for ein einskapleg og oversiktlig forvaltning.

Regjering og Storting har difor gitt kommunane i oppdrag å sjå på kommunestrukturen ved å ta ein prat med nabokommunen(ane). I Nordhordland ønskjer 8 kommunar å sjå på mogelegheita for å gå saman i ein kommune. Det er Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen, Radøy og Solund, Meland var med i starten.

Desse kommunane har danna eit forhandlingsutval som skal sjå på om det er mogeleg å få til ein kommune i Nordhordland. Forhandlingsutvalet består av tre politikarar frå kvar kommune valt av kommunestyret og i tillegg deltek rådmennene. Leiar i forhandlingsutvalet er ordførar Jon Askeland.

Forhandlingsutvalet skal utarbeide eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggast til grunn. Det skal vera ferdig i januar/februar 2016.

Forhandlingsutvalet har oppretta eit arbeidsutval som består av Jon Askeland – ordførar Radøy, Karstein Totland – ordførar i Masfjorden og Bent Gunnar Næss – prosjektleiar.

For at me skal lukkast med dette prosjektet er det viktig at ein har ein open prosess og at ein får engasjert innbyggarane, frivillige lag, næringslivet, ungdom, tilsette.

I eit så stort prosjekt er det viktig å få lagt nokre prinsipp som ein kan vere einige om, og det må også vere avklart kven som har ansvaret for kva.

# 2. Strategi

Me ønskjer å legge fire prinsipp til grunn:

**Openheit**
Arbeidet med kommunereformprosessen i Nordhordland skal vere open og den skal legge til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Ein skal ha god dialog med media og sikre dei og innbyggarane innsyn.

**Medverknad**

Det skal leggast til rette for innbyggarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktiv delast og det skal leggast til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggarane kan fremja sine synspunkt.

**Inkludering**

Me skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon. Me skal tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene.

**Aktiv**

Me skal vera aktive med å legga ut korrekt og aktuell informasjon så raskt som mogeleg.

# 3. Mål

Forhandlingsutvalet skal utarbeida eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggast til grunn.

Forhandlingsutvalet ønskjer at dette forhandlingsdokumentet skal gje kommunane eit best mogeleg avgjerdsgrunnlag. Det kan me oppnå ved at:

- Forståing for arbeidet og engasjement for saka
- Legge til rette for at korrekt og oppdatert informasjon er tilgjengeleg
- Bidra til å formidle ein balansert heilskap
- Gjere det tydeleg på kva måte innbyggarane har høve til å påverke den endelege avgjerda

# 4. Organisering og ansvar

I eit slikt prosjekt er det viktig at det vert tydeleg kven som har ansvar for kva.

Kvar einskild kommune har ansvar for å halda sine innbyggarar og tilsette orientert om prosjektet. Kvar kommune peikar ut ein person som har ansvaret for å legga til rette for og syte for at kommunikasjonsplan og dei daglege kommunikasjonsoppgåvene vert følgt opp i kvar einskild kommune.

Prosjektleiar og arbeidsgruppa har ansvaret for å gjera arbeidet i forhandlingsutvalet kjent. Arbeidsgruppa har også ansvaret for å informera grupper på regionalt nivå.

Forhandlingsutvalet har gitt eit oppdrag om å gjennomføra ei felles spørjeundersøking til innbyggarane i alle kommunane. Gulen har allereie gjennomført ei slik undersøking.

Prosjektleiar kan yte bistand til kvar einskild kommune.

# 5. Målgruppe, tiltak og ansvar

I tabellen er der sett opp ulike målgrupper og korleis dei kan nåast med ulike tiltak, korleis det kan gjerast og kven som har ansvar for kva. Det er skilt mellom kva som er naturleg å gjennomføra på regionalt nivå og kva som bør gjennomførast i kvar einskild kommune. Dette er ein tiltaksplan som må oppdaterast fortløpande.

| **Tiltak og målgruppe** | **Ansvar** | **Kanal/verkemiddel/ tidspunkt** |
|---|---|---|
| Innkalling til forhandlingsutvalet skal sendast til alle medlemmene, kommunane sine postmottak og lokalavisene | Prosjektleiar | E-post - fortløpande |
| Referat frå forhandlingsutvalet skal sendast til alle medlemmene, kommunane sine postmottak og lokalavisene | Prosjektleiar | E-post - fortløpande |
| Innkalling, sakspapir og møteprotokoll vert fortløpande lagt ut på heimesida til Nordhordland Utviklingsselskap IKS / Region Nordhordland | Prosjektleiar | Heimesida http://www.nordhordland.net/ |
| Det skal gjennomførast innbyggarundersøking i alle kommunane om kommunereforma. Kvar einskild kommune gjer vedtak om evt eiga tilpassing<br>Prosjektleiar – samordnar undersøkinga med å henta inn tilbod | Forhandlingsutvalet<br>Kommunane<br>Arbeidsgruppa<br>Prosjektleiar | Telefon (engasjere eit byrå)<br>Ei undersøking så raskt som mogeleg, med ei oppfølging i slutten av 2015. |
| Næringslivet i regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Fokusgrupper/-møte<br>Frukostmøte |
| Tillitsvalde – fagorganisasjonane – regionalt nivå | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Invitere til informasjonsmøte |
| Kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje - samla for regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Fokusgrupper/møte |

| | | |
|---|---|---|
| Eldreråda i regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Fokusgrupper/møte |
| Ungdommane i regionen | Arbeidsgruppa/ prosjektleiar | Invitere til eit felles møte i Nordhordland. Bruke dei to vidaregåande skulane |
| Tiltaksplan i kvar einskild kommune – den må kvar einskild kommune ta ansvar for. *(Noko av det som står her er forslag og det kan vere andre tiltak/målgrupper i den einskilde kommune)* | | |
| | | |
| Kommunestyra | Ordførar i kvar einskild kommune | Halde kommunestyret fortløpande orientert om kva som skjer. |
| Folkemøte i kvar einskild kommune – brei invitasjon | Ordførar i kvar einskild kommune | Møte - fortløpande |
| Kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje - | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Tillitsvalde – fagorganisasjonane – kommunalt nivå | Rådmann i kvar einskild kommune | Invitere til informasjonsmøte |
| Eldreråd | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Ungdom – Ungdoms råd | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Frivillige lag og organisasjonar | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| Næringslivet i kommunen | Ordførar i kvar einskild kommune | Fokusgrupper/møte |
| | | |

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/747 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 099/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |

**Delegerte saker**

**32T**

011/2015, Delegert vedtak - Bidrag til TV-aksjonen - 2015 Regnskogfondet
***Masfjorden kommune gjev kr. 10.000,- i bidrag til TV-aksjonen 2015 Regnskogfondet.***

***Pengane blir sett inn på konto: 8380.0809005***

***Finansiering:***

Konto: 11205 100 10001

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Delegerte saker vert tekne til orientering

**Saksopplysningar:**

# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Maud Sleire Holmaas | | 15/747 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 100/2015 | Formannskapet | PS | 29.09.2015 |

**Referatsak**

**32T**

1, Skatt på eige og inntekt pr 31. august 2015

- Utfordringa i budsjettarbeidet for 2016 og budsjettprosessen
- Kraft, m.a. konsekvensar og status eigedomsskatt og konsesjonskraft
- Valnemnd og førebuing konstituerande møte
- Evt. andre saker

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering

**Saksopplysningar:**

Fylkesmannen i
Hordaland

| Sakshandsamar, innvalstelefon | Vår dato | Vår referanse |
|---|---|---|
| Håvard Rød, 5557 2143 | 18.09.2015 | 2015/4358 331.3 |
| | Dykkar dato | Dykkar referanse |


Kommunane i Hordaland

**Skatt på formue og inntekt per 31. august 2015**

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31.august d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 3,1 prosent dei første åtte månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 4,6 prosent.

Innbetalt skatt per 31.august d.å. i prosent av budsjett 2015 var 63,7 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 63,0 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 4,7 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 4,6 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anne Kjersti Sande | Håvard Rød |
| seksjonsleiar | seniorrådgivar |

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Statens hus
Kaigaten 9, 5020 Bergen
Telefon: 55 57 20 00
Telefaks: 55 57 28 51

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Postboks 7310, 5020 Bergen
Org.nr: 974760665

E-post:
postmottak@fmho.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/hordaland

**SKATT PÅ EIGE OG INNTEKT FOR KOMMUNANE I HORDALAND**
**Totalbeløp i kr. 1.000,- .**

| KOMMUNE | INNGANG 31.aug 2014 | INNGANG 31.aug 2015 | AUKE I % | INNGANG 31.aug PR. INNB. | BUDSJETT 2015 | AUKE I % BUDSJETT 2015 REKNESKAP 2014 | INNBET. PR. 31.aug I % AV BUDSJETT 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bergen | 4 731 200 | 4 947 900 | 4,6% | 17985 | 7849900 | 3,8 | 63,0 |
| Etne | 58 600 | 58 600 | 0,0% | 14282 | 95400 | 5,9 | 61,4 |
| Sveio | 75 400 | 77 200 | 2,4% | 14013 | 124270 | 5,9 | 62,1 |
| Bømlo | 179 600 | 184 500 | 2,7% | 15687 | 298600 | 5,3 | 61,8 |
| Stord | 286 600 | 307 300 | 7,2% | 16446 | 489325 | 8,7 | 62,8 |
| Fitjar | 46 800 | 50 200 | 7,3% | 16230 | 76930 | 3,5 | 65,3 |
| Tysnes | 41 000 | 44 300 | 8,0% | 15924 | 66000 | 0,9 | 67,1 |
| Kvinnherad | 205 500 | 212 300 | 3,3% | 16042 | 342250 | 7,9 | 62,0 |
| Jondal | 17 000 | 17 100 | 0,6% | 15545 | 27459 | 11,2 | 62,3 |
| Odda | 124 600 | 121 800 | -2,2% | 17520 | 193800 | 1,8 | 62,8 |
| Ullensvang | 51 000 | 51 800 | 1,6% | 15186 | 79000 | 2,1 | 65,6 |
| Eidfjord | 39 100 | 40 300 | 3,1% | 42421 | 48550 | -1,9 | 83,0 |
| Ulvik | 23 800 | 24 200 | 1,7% | 21861 | 32650 | -0,5 | 74,1 |
| Granvin | 11 700 | 12 700 | 8,5% | 13789 | 18460 | -1,3 | 68,8 |
| Voss | 207 700 | 215 800 | 3,9% | 15041 | 343614 | 4,9 | 62,8 |
| Kvam | 122 300 | 123 200 | 0,7% | 14428 | 196449 | 2,4 | 62,7 |
| Fusa | 62 400 | 60 400 | -3,2% | 15737 | 97652 | 8,6 | 61,9 |
| Samnanger | 38 000 | 40 100 | 5,5% | 16414 | 56860 | -0,9 | 70,5 |
| Os | 287 000 | 297 000 | 3,5% | 15552 | 480100 | 7,9 | 61,9 |
| Austevoll | 109 600 | 122 400 | 11,7% | 24421 | 147455 | -11,8 | 83,0 |
| Sund | 95 500 | 98 600 | 3,2% | 14603 | 158470 | 4,9 | 62,2 |
| Fjell | 386 700 | 400 900 | 3,7% | 16412 | 633256 | 3,4 | 63,3 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Askøy | 394 900 | 409 300 | 3,6% | 14692 | 637874 | 4,1 | 64,2 |
| Vaksdal | 63 900 | 65 400 | 2,3% | 15967 | 92700 | 1,0 | 70,6 |
| | | | | | | | |
| Modalen | 20 700 | 21 100 | 1,9% | 55820 | 22600 | -3,0 | 93,4 |
| Osterøy | 103 500 | 106 100 | 2,5% | 13530 | 166100 | 4,2 | 63,9 |
| Meland | 103 300 | 109 200 | 5,7% | 14116 | 192820 | 19,8 | 56,6 |
| Øygarden | 69 600 | 68 200 | -2,0% | 14409 | 113293 | 6,8 | 60,2 |
| Radøy | 70 000 | 71 300 | 1,9% | 14220 | 115665 | 4,2 | 61,6 |
| | | | | | | | |
| Lindås | 243 200 | 241 000 | -0,9% | 15647 | 382495 | 3,1 | 63,0 |
| Austrheim | 53 800 | 50 600 | -5,9% | 17717 | 89800 | 6,1 | 56,3 |
| Fedje | 7 800 | 8 100 | 3,8% | 14387 | 14100 | 11,0 | 57,4 |
| Masfjorden | 34 800 | 36 700 | 5,5% | 21538 | 50286 | -1,0 | 73,0 |
| SUM: | 8366600 | 8695600 | 3,9% | 17005 | 13 734 183 | 4,2 | 63,3 |
| SUM UTANOM BERGEN | 3635400 | 3747700 | 3,1% | 15864 | 5 884 283 | 4,7 | 63,7 |

Kontroll skatt

| | | |
|---|---|---|
| Bergen | | 7 561 500 |
| Etne | | 90 100 |
| | | |
| Sveio | | 117 400 |
| Bømlo | | 283 600 |

| | |
|---|---|
| Stord | 450 100 |
| Fitjar | 74 300 |
| Tysnes | 65 400 |
| Kvinnherad | 317 300 |
| Jondal | 24 700 |
| | |
| Odda | 190 300 |
| Ullensvang | 77 400 |
| Eidfjord | 49 500 |
| Ulvik | 32 800 |
| Granvin | 18 700 |
| | |
| Voss | 327 700 |
| Kvam | 191 900 |
| Fusa | 89 900 |
| Samnanger | 57 400 |
| Os | 444 900 |
| | |
| Austevoll | 167 200 |
| Sund | 151 100 |
| Fjell | 612 200 |
| Askøy | 613 000 |
| Vaksdal | 91 800 |
| | |
| Modalen | 23 300 |
| Osterøy | 159 400 |
| Meland | 160 900 |
| Øygarden | 106 100 |
| Radøy | 111 000 |
| | |
| Lindås | 371 000 |
| Austrheim | 84 600 |
| Fedje | 12 700 |
| Masfjorden | 50 800 |
| **SUM:** | 13 180 000 |
| **SUM UTANOM BERGEN** | 5 618 500 |